


SOLUND SOKN

2019



Innkalling til årsmøte

8.11.2020

**Årsmelding
Årsrekneskap
Årsstatistikk**



DEN NORSKE KYRKJA

Solund sokn

ÅRSMØTE
for
SOLUND SOKN

SUNDAG 8. NOVEMBER 2020
i Solund kyrkje
(etter gudstenesta kl. 16)

Sak 1 Val av møteleiar
Val av referent
Val av to personar til å skrive under møteboka

Sak 2 Soknerådet si årsmelding for 2019, til orientering.

Sak 3 Soknerådet sitt rekneskap for 2019, til orientering.

Sak 4 Kyrkjeleg årsstatistikk for Solund for 2019, til orientering

Sak 5 Samtale kring det kyrkjelege arbeidet generelt

Det vert kyrkjekaffi i samband med årsmøtet.



Vel møtt!

Hardbakke, 26.10.2020

Bjarte Engevik, leiar Solund sokneråd

SOLUND SOKN

2019



Årsmelding

Vedteke Solund sokneråd 19.03.20

SOLUND SOKNERÅD

TILSETTE OG MEDLEMAR AV RÅD OG UTVAL

Det var val til nytt sokneråd i 2019. Fylgjande var avtroppande og påtroppende medlemmar:

	Valperiode 2015-2019	Valperiode 2019- 2023
Leiar	Gunn Åmdal Mongstad	Bjarte Engevik
Nestleiar	Ingunn Sanden	Anne Kari Reigstad
Medlemmar	Nina Kvalheim Engevik	Arild Hove
	Mona Elise Trovåg Ødejord	Silje Lending
	Idar Svein Vaulen	Karen Nessen
	Sigurd Kråkås	Idar Vaulen
Geistleg representant	Bjørn Magne Hansen	Bjørn Magne Hansen
Personleg vara for geistleg representant	Soknepresten i Gulen	Soknepresten i Gulen
Kommunal representant	Anne Marie Gåsvær Færøy	Anne Marie Gåsvær Færøy
Personleg vara for kommunal representant	Anne Grethe Furrevik	Erlend Lambrechts Trovåg
Varamedlemmar	Karen Backlund Nessen	Terje Midtbø
	Roar Jarle Trovåg	Bjørg Marie Hjartholm
	Silje Elisabeth Lending	Sigurd Kråkås
	Bjørg Marie Hjartholm	Roar Trovåg
	Reidun Kråkenes	Eldbjørg Danielsen

Soknerådet sitt arbeidsutval er sett saman av

Leiar
Nestleiar
Sokneprest
Kyrikjeverje (sekretær)

Diakoniutvalet

Ein har ikkje valt nye medlemmar av utvalet for 2019.

Kyrkjelydsutvala

Ein har ikkje valt nye medlemar av utvala for 2019.

Dei tidlegare medlemane i Husøy og Hersvik kyrkjelydsutval har halde fram med oppgåver i samband med einskilde gudstenester.

Møter og anna

Soknerådsmøter: 4

Arbeidsutvalsmøte: 4

Kyrkjelyden sitt årsmøte vart halde i Husøy kyrkje 26.5.19.

Det var val til m.a. nytt sokneråd i 2019, og i samband med det var ein med båt til eit utval av øyane, og i bygdehusa, og hadde opent for val på laurdagen på Solunddagane.

Tilsette i Solund sokn 2019

Solund sokneråd har 6 tilsette i Soknerådet, i stillingar som kyrkjeverje, organist, vaktmeister/gravplassarbeidar, reinhald, klokkar og kyrkjetenarar. Dette er små stillingar som utgjer kring 2 årsverk til saman.

Vakante tenester har i moderat grad vore dekkja opp av friville og tilkallingsvikarar

Stillingsoversyn

Felles stillingar	Stilling (%)	
Kyrkjeverje	60	Mona Hjørnevåg 10% er inntil vidare for å handtere meir arbeid
Organist med diakoni- og trusopplæringsoppgåver	82	Liudmila Savchenko
Gravplassarbeidar/vaktmeister	20	Ilgonis Kalnins

Husøy kyrkje		
Kyrkjetenar	5	Odd Peder Kårstad
Klokkar	4	Gunnfrid Eide
Reinhaldar	6	Gunnfrid Eide

Solund kyrkje		
Reinhaldar (inkl. Kyrkjetunet og Hersvik)	12,3	Randi Cecilie Odéen
Klokkar	7	Vakant
Kyrkjetenar	12	Ilgonis Kalnins

Hersvik kyrkje		
Reinhaldar		I stillinga til Randi C. Odéen
Klokkar	under 4	Vakant
Kyrkjetenar	under 5	Vakant

Bispedømetilsette

I kyrja sin stab har ein òg sokneprest Bjørn Magne Hansen, som er tilsett av Bjørgvin bispedømeråd (100% stilling). Dei tre kommunane Masfjorden, Gulen og Solund er eit samarbeidsområde for prestane, men området har i 2019 vore prega av vakansar. Sokneprest Jens Linde i Gulen flytta i byrjinga av januar, og sidan april har Bjørn Magne Hansen òg vore sokneprest i Mjømna sokn i Gulen, medan pensjonert prost Geir Sørebø har hatt ansvaret for Gulen sokn og Brekke sokn. Sokneprest i Masfjorden Tone Marit Håland Dyrkolbotn flytta i byrjinga av august, og her har pensjonert sokneprest Harald Sundsbø sidan vore vikar. Ny sokneprest tek til i Gulen 19. april 2020, medan stillinga i Masfjorden er lyst ledig.

Dei tre kommunane Solund, Gulen og Masfjorden finansierar saman 50 % av soknepreststillinga i Masfjorden, slik at ein då kan ha eigen sokneprest i full stilling i kvar av dei tre kommunane. Det er utarbeida ei eiga samarbeidsavtale for dei tre stillingane, der m.a. soknepresten i Masfjorden skal bidra inn i trusopplæringsarbeidet i Gulen og soknepresten i Solund bidra inn i det diakonale arbeidet i Gulen.

I tillegg til soknepreststillinga gjev bispedømerådet tilskot til 10 % stilling som trusopplæringsmedarbeidar i Solund (del av kyrkjemusikarstillinga)

Gravplassane

Det vart utarbeida og godkjent nye gravplassvedtekter for alle gravplassane på slutten av året. Desse ligg tilgjengeleg på nettsida og kontoret.

Oppgradering av gravplassane på Hersvik og Hardbakke er under planlegging.

Gravplassen på Hardbakke er gjennomgått. Tilsvarande arbeide er starta på Hersvik og Straumen gravplassar, men gravplassen på Hardbakke vart prioritert grunna størst bruk. Arbeide med handtering av gravminner og beplanting er starta.

Gjerdet rundt gravplassen på Hersvik har fått ein grundig vask og er innsett med linolje og –måling. Arbeidet er væravhengig og omfattande, og vart dverre ikkje ferdig, men forventast ferdig i 2020. Skiferhellene som leiar opp til inngangen vart gravd fram. Arbeid med betre løysing på rullestolrampe er starta.

På Husøyna vart gjerdet våla og smijernsportane henta inn til vedlikehald.

Gravstell

Solund sokneråd har avtale med einskildpersonar og firma som steller graver, etter legat og avtaler med pårørande.

Tiltak utført i 2019

Hovudarbeidet vart utført av Nedre Jølster Bilelag, som har spesialkompetanse på m.a. kyrkjebygg. Entreprenøren vart etterkvart forhindra, og resten av arbeidet som m.a. skulle utførast med lift, vart utsett til 2020. Det vart imidlertid gjort ein inspeksjon på to av kyrkjene med lift, som konkluderte med anbefalte tiltak.

Husøy kyrkje:

- Nedre Jølster Bilelag AS hadde lift på plass for å sjå på tårn og valmar på våpenhuset.

Solund kyrkje

- Hyppig straumstans forårsaka truleg at aspirasjonsdetektoren (brannvarslar) slutta å verke og måtte skiftast ut, dels på forsikring. I samband med dette vart 2G varslingssendaren som var tilkopla, skifta ut med ein med 4G ettersom 2G- og 3G-nettet snart vert sløkt. Til arbeidet fekk vi tilskot.
- Maling utvendig av ytterdørene i hovudinngongen
- Arbeid utført av Nedre Jølster Bilelag AS
 - Skraping av maling
 - Bytt ut råteskadde deler av kledning og listverk på tårn og vestveggen på skipet
 - Grunning og 3 strøk linoljemaling.
- Skåp i sakristi nesten ferdigbygd, skåp utanfor galleri ferdigbygd. Måling gjenstår.

Hersvik

- Planlagt utvendig oppgradering utsett til 2020 grunna høve hjå entreprenør.

Kyrkjetunet

- Utført utvendig oppgradering, ferdigstilt av Nedre Jølster Bilelag AS
 - Skraping av maling
 - Bytte mesteparten av vindskeiene, nokre kledningsbord og litt listverk.
 - Heile gunnmuren nedvaska og malt oppatt (kv.anm.: slemma)
 - Olja nyare vindauge med 15-20 strøk rå linolje.
 - Grunningsolja windskeier, kledning og listverk.
 - Malt 3 strøk linoljemaling.
 - Observasjon av opplegget for baderomsventilasjon og avtrekk på loft, med anbefaling om fagfolk på området

1. etg.

- Nordvendt kontor er no utleidt på heiltid, etter at leigetakarar flytta frå sørvendt kontor, grunna meir eigna lokale for oppbevaring av tungt interiør.
- Sørvendt kontor vart booka til ny leigetakar frå 1.1.2020
- Elles vert lokale nytta til eiga verksemد som misjonsforeinga, og leidt ut med eller utan kjøken til ulike arrangement.
- Det vart rydda fram delar til modular av m.a. høge IKEA-skap
- Supplert manglante servise, glas og bestikk, og kjøpt inn tidsur til kjøkenet

2. etg.

- Eitt kontor er utleidt på heiltid.
- Leilegheita i 2. etg. er leidt ut som bustad, med enkle vaktmeistertenester.
- Innvendig: Leilighet: Fjerna defekt klikkvinylgolv på kjøkken. Installert elektrisk baderomsvifte og lagt opp ventilasjon.

HMS-tiltak

- Fyrstehjelskoffertar fyllt opp i alle tre kyrkjene, Kyrkjetunet og verkstad.

Hovudtrekk økonomi

Også i 2019 har rekneskapen gått i balanse. Hovudgrunnen til dette er heilårlege vakansar i ein skilde stillingar.

Oppgraderingstiltaka på kyrkjene og Kyrkjetunet gjekk over opprinnelege rammer i investeringsbudgettet, men vart løyst innanfor totalramma med omdisponering av midlar.

Drift

2019 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på 215 521,-. Hovudårsakane til dette er ubrukte lønsmidlar heile året for dei vakante stillingane, m.a. ved Hersvik kyrkje, og at Kyrkjetunet har gått litt i pluss. Noko overforbruk på post som gravplass skuldast utfordingar rundt ein gravplass med manuell graving og vanskeleg tilkomst, og ein har fått eit ubudsjettert tilskot på kyrkjer. Mindreforbruket er sett av i balansen i påvente av disponering.

På generelt disposisjonsfond står det ved årsskiftet totalt 480 610,-.

Frå ovanfornemnde sum er det slik at Kyrkjetunet sitt overskot på 2 892,- skal setjast av på Kyrkjetunet sitt ubunde disposisjonsfond. På dette fondet står det att totalt 133 855,-.

Investering

Den ytre oppgraderinga vart gjort nesten ferdig utvendig på Kyrkjetunet og Solund kyrkje. M.a. Hersvik kyrkje vart utsett til 2020 grunna høve vi ikkje kunne rå over. Arbeid med lift er utsett til 2020, men entreprenør gjorde befaringsmed lift for å få ein oversikt.

Ein kom ikkje i mål med alle planlagde tiltak, men dei viktigaste er utført m.a. for å redde konstruksjonar. Det vart i.l.a. året omdisponert midlar frå andre tiltak for å ferdigstille naudsynt arbeide på Kyrkjetunet.

2019 hadde eit rekneskapsmessig mindreforbruk på investering på 77 105,- ved årsslutt, og 49 521,- på fond.

Kontakten med Solund kommune

Soknerådet opplever kontakten med Solund kommune som svært konstruktiv og god, både når det gjeld velvilje, yting av midlar, idéutveksling og god hjelp.

ANNA KYRKJELEG AKTIVITET I 2019

Under følgjer eit oversyn over ein del av den kyrkjelege aktiviteten i 2019. Jfr. elles kyrkjeleg årsstatistikk for 2019.

GUDSTENESTER

I gudstenesteordninga som no gjeld for området Masfjorden, Gulen og Solund i Nordhordland prosti, har Masfjorden 50 årlege gudstenester, Gulen 55 og Solund 45. I tillegg skal soknepresten i Solund ha 5 gudstenester årleg i Gulen, slik at kvar av de tre sokneprestane har 50 gudstenester årleg.

I praksis er gudstenestetalet i Solund noko høgare, 50 gudstenester (50 i 2018, 53 i 2017 og 44 i 2016).

Nokre av gudstenestene er som tidlegare år lagt utanom kyrkjehusa, av 50 gudstenester var 7 utanom kyrkjehusa (14 %).

1. På Solundheimen
 - 22.04 Høgtidsgudsteneste med nattverd 2. Påskedag
 - 10.06 Høgtidsgudsteneste med nattverd 2. Pinsedag
 - 26.12 Høgtidsgudsteneste 2. Juledag
 - 29.12 Høgmesse Romjulssundag
2. Andre stader
 - 30.05 Familiegudsteneste i Strand skulhus, m/kyrkjekaffi (Helgetorsdag)
 - 23.06 Jubileumsgudsteneste på Husøy kyrkjested, m/kyrkjemiddag i Indrevær bedehus
(300 år sidan dåverande Husøy kyrkje vart vigsla Jonsok 1719)
 - 21.07 Familiegudsteneste i Indrevær bedehus, m/kyrkjekaffi og basar
3. Av særskilte gudstenester i kyrkjehusa hadde ein
 - 08.12 Lysmesse Husøy kyrkje (med konfirmantane)

DÅP

Det var 4 dåp i Solund i 2019, fordelt slik:

Solund kyrkje	3 dåp
Husøy kyrkje	1 dåp

3 av dei 4 døypte er busett i Solund.

VIGSLER

Det var 1 vigsel i Solund i 2019, i Solund kyrkje, der brureparet ikkje er busett i Solund.

GRAVFERDER

Det var 11 gravferder i 2019. I tillegg var det 1 urnenedsejting, der vedkomande var busett i annan kommune og vart bisett der. Dei 11 gravleggingane er fordelt slik:

Solund kyrkjegard	7 gravferder
Hersvik kyrkjegard	2 gravferder
Straumen kyrkjegard	1 gravferder
Husøy kyrkjegard	1 gravferder

Ti av dei elleve var busett i Solund. Den siste var ei urne frå USA.
I tillegg vart det sett ned ei urne på Husøy kyrkjegard (busett i Bergen).

OPEN KYRKJE

Sundag 3. november (Helgemessesundag) var det open kyrkje etter gudstenesta i Solund kyrkje.

KYRKJELYDSKVELDAR

Det er mange år sidan sist det var kyrkjelydskveldar i Solund, men i 2019 fekk ein det endeleg til att. Ein liten komité (Torild Teige Strand, Ingunn Sanden og soknepresten) har hatt ansvaret for desse. Tema dette året har vore truedkjenninga sine tre artiklar. Samlingane har hatt ei fast ramme, med ei innleiing over temaet, musikalsk innslag, ei ynskjesalme og servering med samtale rundt temaet.

Det var 3 kveldar i 2019:

3. april	Innleiar: Prost Helge Taranrød
18. september	Innleiar: Sokneprest Bjørn Magne Hansen
23. oktober	Innleiar: Biskop Ole Danbolt Hagesæther

SAMARBEID MED BARNEHAGE OG SKULE

Solund barnehage (avdelingane Kråkebollen og Sjøhesten) hadde samling i kyrkja før påske.

Solund barne- og ungdomsskule har vedtak om gudstenester i samband med påske- og julehøgtida annankvart år og hadde i 2019 gudstenester både før påske og i adventstida.

TRUSOPPLÆRING

Tiltak ein har som del av trusopplæringa er følgjande:

1. Dåpssamtalar

Når dåpsfamilien er busett i Solund, finn samtalane oftast stad heime hjå dåpsfamiliane.

2. Dåpen

Ved dåpen delast følgjande ut:

- Dåpslys m/12 symbol, m/forklaring til symbola og faldaren “Bruk dåpslyset”
- Dåpslysestake (laga ved Vik fengsel)
- Boka “Arvegull”
- Kveldsbønplakat (“Kjære Gud, eg har det godt”)
- Dåpsserviett (handsydd frå Madagaskar, m/informasjonsark om servietten). Servietten vert laga gjennom eit av Det Norske Misjonsselskap sine prosjekt.
- Fadderbrev

3. 4-årsbok

Alle fireåringane i Solund får invitasjon til å ta imot ei 4-årsbok i kyrkja.

4. Biblar til 10-åringane

Alle tiåringane får invitasjon til å ta imot ein Bibel i kyrkja.

5. Kvardagsskulen i Straumen

Kvardagsskulen held til i skulehuset i Straumen og er tilslutta Søndagsskolen Norge. Ein hadde 8 samlingar i løpet av året. Soknepresten er hovudleiar, kyrkjemusikar medleiar, i tillegg til at foreldra til borna er med.

6. Bu-heime-leir

19. - 20. januar vart det arrangert bu-heime-leir på Hardbakke, med 17 deltagarar. Siri Mjølsnes fra barne-og ungdomsavdelinga i region Bjørgvin av Det Norske Misjonsselskap var med som leiar, i tillegg til fleire lokale vaksne og unge. Prosten i Nordhordland, Helge Taranrød, tok del på leiren sundag og i familiegudstenesta sundag ettermiddag.

7. Mini-konfirmasjon

Minkonfirmasjon er ei miniutgåve av konfirmasjon og eit tilbod til alle som går i 5. klasse. Grunna manglende kapasitet var det derre ikkje minikonfirmantsamlingar våren 2019. Soknepresten var likevel med som leiar på minikonfirmantleir for born frå Gulen, Hyllestad, Balestrand og Høyanger.

8. Konfirmantarbeidet

I 2019 var det 10 som tok del i konfirmantundervisninga i Solund. 2 vart konfirmert i Husøy kyrkje og 8 i Solund kyrkje. Undervisninga er lagt rett etter skuletid, kl 14.30 - 16.00 i Solund kyrkje. Konfirmantane får middag frå kjøkenet på Solundheimen. Dei tok del i konfirmanthelg på Alværa Misjonssenter saman med konfirmantar frå Førde.

9. Trusopplæringsmedarbeidar

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har 10 % stilling knytta til trusopplæring.

10. Trusopplæringsplan

I 2011 og 2012 vart det i samarbeid med sokna i Gulen utarbeida ein trusopplæringsplan for sokna i Gulen og Solund. Planen vart godkjend av Biskopen i Bjørgvin hausten 2012. Ein rapporterer årleg inn aktiviteten og Bjørgvin bispedømeråd har årlege samtalar som eit ledd i evalueringa av arbeidet. Soknepresten tek del i desse samtalene.

DIAKONI

Arbeidet har i år 2019 vore ført vidare etter mønster frå tidlegare år. Tiltak som har vore i gong er følgjande:

1. Arrangement på Solundheimen

Her var 20 andaktar i 2019. I tillegg tok me del ved eitt arrangement ved pensjonistgruppa i Fagforbundet og pårørande gruppa ved Solundheimen ("Me syng jula ut" 20. dag jul). Ein har òg hatt 4 gudstenester (sjå eige avsnitt over).

2. Eldretreff

Det var 10 eldretreff på Solundheimen i 2019, eit tilbod bebuarar på heimen og andre tek del i. Ein stor takk til både friville og tilsette ved heimen, som legg til rette for eldretreffa!

3. Eldretur

Eldreturen gjekk av stabelen 19. juni i samarbeid med Mjømna sokneråd. Turen gjekk denne gongen til Masfjordnes. Har var det middag i Sandneskaféen, omvisning i Kvamsdal Fargeri ved

kulturskulerektor Frank Kvinge, omvisning i Sandnes kyrkje v/Alf Magnar Strand og andakt i kyrkja v/sokneprest i Masfjorden Tone Marit Håland Dyrkolbotn og ein liten konsert ved Paula Cuesta Redondo (cello) og Liudmila Savchenko (klaver). Tilsaman 49 deltagarar og medverkande fekk oppleve ein flott tur sjøvegen til Masfjorden!

4. Solund frivillegsentral

Kyrkja er ein av samarbeidspartnerane i frivillegsentralen, som starta opp i 2005.

5. Diakonimedarbeidar

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har 10 % stilling som diakonimedarbeidar. Ho har vore med ved andaktar og eldretreff på Solundheimen, eldreturen til Masfjorden og oppgåver som fell saman med trusopplæringsarbeidet.

KYRKJEMUSIKK

Kyrkjemusikar Liudmila Savchenko har hovudansvaret for det kyrkjemusikalske arbeidet. Her følgjer eit oversyn over konsertane i 2019:

1. Konsertar

Det var totalt 13 konsertar i 2019 (2018: 7), med 824 til stades (2018: 554):

Dato	Stad	Arrangement	Deltakarar	Til stades
17.01.2019	Solund krk	Vinterkonsert	Julia Gåsvær, Liudmila Savchenko	50
14.04.2019	Solund krk	Me syng påske inn	Salmekveld	19
10.05.2019	Solund krk	Skulekonsert	Studentar v/Griegakademiet	96
14.06.2019	Solund krk	Konsert	Gunn Å. Mongstad, messingblåsarar m.fl. (for planleggarar Statens Vegvesen)	25
18.06.2019	Solundheimen	Sommarkonsert	Paula Cuesta Redondo og Liudmila Savchenko	25
20.06.2019	Solund krk	Sommarkonsert	Paula Cuesta Redondo og Liudmila Savchenko	23
17.07.2019	Solund krk	Sommarkonsert	Liubov Kuziukova og Liudmila Savchenko	17
24.08.2019	Solund krk	Sommarkonsert	Eva Weel Skram	235
01.10.2019	Solund krk	Konsert	v/Gunn Åmdal Mongstad, Erlend Lambrechts Trovåg og Liudmila Savchenko (for politikargruppe)	20
16.11.2019	Solund krk	Festkonsert	v/Lysfestivalen	104
23.11.2019	Solund krk	Konsert	Liubov Kuziukova og Liudmila Savchenko	19
19.12.2019	Solund krk	Me syng jula inn	Solund skulemusikk m.fl.	115
27.12.2019	Solund krk	Romjulskonsert	Diverse medverkande	76
Til stades totalt				<u>824</u>

2. Pianoundervisning

Som ein del av si stilling har kyrkjemusikaren òg pianoundervisning (15 % stilling) i ein tenesteytingsavtale med kulturskulen. Stellingsstorleiken gjev rom for 9 elevar.

MISJONSARBEIDET

Det er no éi misjonsforeining att i Solund, tilslutta Den Norske Misjonsselskap, Hardbakke misjonsforeining. Betelskipet frå Den Indre Sjømannsmisjon kjem årleg innom Hardbakke. Soknerådet står òg misjonsarbeid gjennom takkoffer i kyrkja og misjonsprosjektet.

1. Misjonsprosjektet

I 2004 inngjekk Solund sokneråd ein avtale med Det Norske Misjonsselskap om å støtte eit av deira misjonsprosjekt. Frå 2015 arbeider ein for born og unge i slummen i Bangkok i Thailand. Det er sett av 4 takkoffer i kyrkjene kvart år til prosjektet.

2. Hardbakke Misjonsforening

Foreininga har 10-11 medlemmar og møtast kvar tredje veke i skuleåret. Møta vert haldne i Kyrketunet og det vert arrangert ein årleg basar og dessutan tombola på Solunddagen. Inntektene som kjem gjennom basaren og kollekt på møta går til misjonsprosjektet ved Det Norske Misjonsselskap og til Alværa Misjonssenter.

INFORMASJONSARBEID

Kyrkjekontoret har diverre for tida lite kapasitet på dette feltet og har berre hatt noko aktivitet her:

1. Kyrkjeblad for Solund

Kyrkjebladet kom ut med éitt nr i 2019, til jul. Bladet sendast alle husstandar i Solund og i tillegg til rundt 150 utflytta sulingar, kyrkjekontor i nabokommunane m.fl.

2. Heimeside

Kyrkja har ei heimeside (www.solund.kyrkja.no), men ein har ikkje hatt høve til å arbeide mykje med den.

3. Andre informasjonskjelder

Gudstenestene og konserter vert kunngjort gjennom facebooksida "Solundnyheter", i kommunen sin kulturkalender, i Firda og på plakatar.

Ein vil til slutt få takke alle tilsette og frivillege for innsatsen i året som gjekk og ynskje lukke til med arbeidet i 2020!

Hardbakke 19. mars 2020

Bjarte Engevik
Leiar Solund sokneråd

Mona Hjønnevåg
Kyrkjeverje

Bjørn Magne Hansen
Sokneprest



Regnskapsskjema - Drift

2 Solund Sokneråd - 2019

28.02.2020

Brukere: MAUT Klokken: 07:48 Program: XKOST-HC Versjon: 16

Økonomiske oversikter

Utvælgskriterier:

Selskap	2	Solund Sokneråd
Region	0	SOLLUND SOKNERÅD
Regnskapsår	2019	
Periode	0 - 12	

Spesifikasjon pr: Ingen

Styringsparametere

Ikke ta med budsjettendringer
 Periodisert budsjett

Kommune/fylkeskommune Kirkeg fellesråd Kommunale foretak [+/-]

Driftsbudsjett
 Investeringsbudsjett
 Driftsregnskap
 Investeringregnskap
 Balance Bruk Kostrekoder

Balancesiffer

Antall: 8
Starter på: 5

Detaljer
 Vis medlemskonti

Velg alle

Kjør rapport



Regnskapsskjema - Drift

2 Solund Sokneråd - 2019

28.02.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Inntekter				
Brukertilgang, salg, avgifter og leieinntekter	184.790,00	176.000,00	176.000,00	189.627,00
Salg av driftsmidler/fast eiendom	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner/overføringer	307.491,13	182.000,00	182.000,00	191.730,01
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	30.000,00	30.000,00	30.000,00	30.000,00
Statlige tilskudd	78.153,00	78.000,00	78.000,00	65.540,30
Rammeoverføring/tilstkudd fra egen kommune	1.845.000,00	1.845.000,00	1.845.000,00	1.795.000,00
Tilstkudd fra fellesråd/menighetsråd	0,00	0,00	0,00	0,00
Andre tilskudd, gaver, innsamlede midler	77.948,20	87.500,00	87.500,00	79.313,00
Sum driftsinntekter	2.523.382,33	2.398.500,00	2.398.500,00	2.351.210,31
Utgifter				
Lønn og sosiale utgifter	1.393.780,91	1.484.000,00	1.484.000,00	1.236.950,64
Kjøp av varer og tjenester	679.852,53	648.000,00	648.000,00	562.345,54
Refusjoner/overføringer	181.934,93	172.000,00	172.000,00	162.587,01
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	30.000,00	30.000,00	30.000,00	30.000,00
Tilstkudd og gaver	45.802,00	50.000,00	50.000,00	50.104,00
Sum driftsutgifter:	2.331.370,37	2.384.000,00	2.384.000,00	2.041.987,19
Brutto driftsresultat:	192.011,96	14.500,00	14.500,00	309.223,12
Renteinntekter og utbytte	2.997,00	1.500,00	1.500,00	2.613,11
Mottatte avdrag på utlån	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter og låneomkostn.	10.018,00	11.000,00	11.000,00	10.281,00
Avdrag på lån	10.250,00	11.000,00	11.000,00	10.250,00
Utlån, kjøp av aksje, andeler o.l.	0,00	0,00	0,00	0,00
Netto finansinntekter/-utgifter	-17.271,00	-20.500,00	-20.500,00	-17.917,89
Avskrivninger	3.000,00	3.000,00	3.000,00	3.000,00
Motpost avskrivninger	3.000,00	3.000,00	3.000,00	3.000,00
Netto driftsresultat	174.740,96	-6.000,00	-6.000,00	291.305,23
Interne finansieringstransaksjoner:				
Bruk av udisponert fra tidl. år (overskudd)	275.132,52	0,00	0,00	671.147,47
Bruk av disposisjonsfond	0,00	0,00	0,00	2.200,69
Bruk av bundne fond	63.229,00	9.000,00	9.000,00	87.778,60
Sum bruk av avsetninger	338.361,52	9.000,00	9.000,00	761.126,76
Avsatt til dekning fra tidligere år (underskudd)	0,00	0,00	0,00	0,00
Avsatt til disposisjonsfond	275.132,52	0,00	0,00	341.532,47
Avsatt til bundne fond	22.449,20	3.000,00	3.000,00	35.767,00
Overført til investeringsregnskapet	0,00	0,00	0,00	400.000,00
Sum avsetninger	297.581,72	3.000,00	3.000,00	777.299,47
REGNSKAPSMESSIG MINDREFORBRUK (OVERSKI)	215.520,76	0,00	0,00	275.132,52
REGNSKAPSMESSIG MERFORBRUK (UNDERSKUD)	0,00	0,00	0,00	0,00



Regnskapsskjema - Investering

2 Solund Sokneråd - 2019

28.02.2020

	Regnskap	Reg. budsjett	Oppr.budsjett	Regnskap i fjor
Investeringer i anleggsmidler	1.337.269,50	1.221.900,00	1.175.000,00	1.741.183,26
Kalk. utg. ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Renteutgifter, låneomkostninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Avdrag på lån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
Utlån, kjøp av aksjer, andeler o.l.	3.079,00	3.100,00	0,00	3.293,00
Avsetninger	0,00	0,00	0,00	0,00
Årets finansieringsbehov	1.340.348,50	1.225.000,00	1.175.000,00	1.744.476,26
Finansiert slik:				
Bruk av lånemidler	0,00	0,00	0,00	0,00
Inntekter fra salg av driftsmidler/fast eiend.	0,00	0,00	0,00	0,00
Refusjoner	267.453,90	0,00	0,00	346.608,28
Kalk. inntekt ved komm. tj.ytingsavtale	0,00	0,00	0,00	0,00
Tilskudd til investeringer	1.150.000,00	1.200.000,00	1.150.000,00	350.000,00
Mottatte avdrag på utlån (ekstraord.)	0,00	0,00	0,00	0,00
Sum ekstern finansiering	1.417.453,90	1.200.000,00	1.150.000,00	696.608,28
Overført fra driftsregnskapet	0,00	0,00	0,00	400.000,00
Bruk av avsetninger	0,00	25.000,00	25.000,00	647.867,98
Sum finansiering	1.417.453,90	1.225.000,00	1.175.000,00	1.744.476,26
Udekket/udisponert	77.105,40	0,00	0,00	0,00



Regnskapsskjema - BALANSE

2 Solund Sokneråd - 2019

28.02.2020

Regnskap 2019	Regnskap 2018
---------------	---------------

EIENDELER:

Anleggsmidler		
Faste eiendommer og anlegg	66.840,00	69.840,00
Uttyr, maskiner og transportmidler	0,00	0,00
Utlån	0,00	0,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Omløpsmidler		
Kortsiktige fordringer	405.717,00	445.567,00
Aksjer og andeler	0,00	0,00
Sertifikater	0,00	0,00
Obligasjoner	0,00	0,00
Kasse, bankinnskudd	1.448.066,45	1.082.282,35
SUM EIENDELER:	1.920.623,45	1.597.689,35

EGENKAPITAL OG GJELD:

Egenkapital		
Dispositionsfond	614.464,30	339.331,78
Bundne driftsfond	592.868,08	633.647,88
Ubundne investeringsfond	49.521,16	49.521,16
Bundne investeringsfond	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (inves	0,00	0,00
Endring i regnskapsprinsipp som påvirker AK (drift	0,00	0,00
Regnskapsmessig mindreforbruk (Udisp. overskudd)	215.520,76	275.132,52
Regnskapsmessig merforbruk (Uinndekket underskudd)	0,00	0,00
Udisponert i inv.regnskapet	77.105,40	0,00
Udekket i inv.regnskapet	0,00	0,00
Kapitalkonto	-66.410,00	-73.660,00

Gjeld		
Langsiktig gjeld		
Ihendehaverobligasjonslån	0,00	0,00
Sertifikatlån	0,00	0,00
Andre lån	133.250,00	143.500,00
Kortsiktig gjeld		
Kassekredittlånt	0,00	0,00
Annen kortsiktig gjeld	304.303,75	230.216,01
SUM EGENKAPITAL OG GJELD:	1.920.623,45	1.597.689,35

Memoriakonti		
Ubrukte lånemidler	0,00	0,00
Andre memoriakonti	0,00	0,00
Motkonto for memoriakontiene	0,00	0,00

Budsjettkontroll drift Sokneråd

	Regnskap	Budsjett inkl. endring	Forbruk i %	Avvik
ALLE	0,00	0,00	0,00	0,00
200 Kyrjeverje	0,00	0,00	0,00	0,00
04100 Kyrkeleg administrasjon	-1 211 829,79	-1 408 500,00	86,04	-196 670,21
Utgifter	1 085 201,82	575 500,00	188,57	-509 701,82
30100 Fast løn	243 988,36	237 000,00	102,95	-6 988,36
30200 Løn til vikarar	19 079,44	0,00	0,00	-19 079,44
30300 Ekstrahjelp	17 440,82	3 000,00	581,36	-14 440,82
30500 Anna løn og trekkpliktig godtgj...	26,50	0,00	0,00	-26,50
30800 Godtgjersle folkevalde	43 902,00	40 000,00	109,76	-3 902,00
30801 Tapt arbeidsforteneste	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
30903 Pensjonsinnskot - KLP	31 227,08	40 000,00	78,07	8 772,92
30905 Gruppeliv- og ulukkesforsikring	1 290,00	2 000,00	64,50	710,00
30990 Arbeidsgjeveravgift	37 302,81	33 000,00	113,04	-4 302,81
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	4 767,68	4 000,00	119,19	-767,68
31204 Tilstelninger	4 847,16	4 000,00	121,18	-847,16
31206 Utstyr, verktøy	674,50	3 000,00	22,48	2 325,50
31300 Post, bank, telefon og dataliner	424,00	0,00	0,00	-424,00
31303 Banktenester, gebyr	1 367,90	1 000,00	136,79	-367,90
31400 Annonsar, reklame, informasjо...	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	4 300,00	6 000,00	71,67	1 700,00
31600 Skyss- og dlettgodtgjersle (op...	175,00	0,00	0,00	-175,00
31700 Transport, drift eigne transp.m...	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
31850 Forsikringar	2 263,00	9 000,00	25,14	6 737,00
31900 Leige av lokale og grunn	0,00	1 500,00	0,00	1 500,00
31950 Avgifter, gebyr, lisensar ol	34 982,20	37 000,00	94,55	2 017,80
31951 Kontigent Kirkens Arbeidsgjive...	9 332,00	9 000,00	103,69	-332,00
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	28 000,00	30 000,00	93,33	2 000,00
33050 Refusjon til rettssubjektet Den...	70 000,00	70 000,00	100,00	0,00
33900 Kalkulatoriske utgifter	30 000,00	30 000,00	100,00	0,00
34290 Meirverdiavg. utanfor mva-lov...	9 158,09	13 000,00	70,45	3 841,91
35400 Avsetnadar til ubundne fond	275 132,52	0,00	0,00	-275 132,52
35800 Rekneskapsmessig mindreforb...	215 520,76	0,00	0,00	-215 520,76
Inntekter	-2 297 031,61	-1 984 000,00	115,78	313 031,61
37100 Refusjon sjukepengar	-26 250,00	0,00	0,00	26 250,00
37290 Kompensasjon morms påløpt l...	-9 158,09	-13 000,00	70,45	-3 841,91
37700 Refusjon frå andre m. opdg	-87 500,00	-80 000,00	109,38	7 500,00
37900 Kalkulatoriske inntekter ved k...	-30 000,00	-30 000,00	100,00	0,00
38000 Tilskot frå staten/statlege Instl...	0,00	-16 000,00	0,00	-16 000,00
38050 Tilskudd fra rettssubjektet Den...	-21 617,00	0,00	0,00	21 617,00
38300 Tilskot frå kommunen/kommun...	-1 845 000,00	-1 845 000,00	100,00	0,00
39009 Rentelinntekter	-2 374,00	0,00	0,00	2 374,00
39300 Bruk av tidl. års rekneskaps m...	-275 132,52	0,00	0,00	275 132,52
04200 Kyrker	787 188,22	986 000,00	79,84	198 811,78
Utgifter	965 403,87	1 027 500,00	93,96	62 096,13
30100 Fast løn	431 418,54	562 000,00	76,76	130 581,46
30101 Avtalefesta tillegg	16 748,22	16 000,00	104,68	-748,22
30109 Løn reinhald	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
30200 Løn til vikarar	64 020,15	46 000,00	139,17	-18 020,15
30300 Ekstrahjelp	6 372,40	5 000,00	127,45	-1 372,40
30500 Anna løn og trekkpliktig godtgj...	33,60	0,00	0,00	-33,60
30903 Pensjonsinnskot - KLP	56 790,45	85 000,00	66,81	28 209,55
30905 Gruppeliv- og ulukkesforsikring	6 450,00	7 000,00	92,14	550,00
30990 Arbeidsgjeveravgift	61 812,82	69 000,00	89,58	7 187,18
31100 Forbruksmateriell/utstyr og te...	-4 233,33	0,00	0,00	4 233,33
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	10 779,54	7 000,00	153,99	-3 779,54
31500 Opplæring, kurs (ikkje oppg.pl.)	0,00	2 000,00	0,00	2 000,00
31600 Skyss- og dlettgodtgjersle (op...	466,20	1 000,00	46,62	533,80

31700 Transport, drift eigne transp.m...	19 500,00	0,00	0,00	-19 500,00
31705 Refusjon av utlegg (ikkje oppg...)	143,75	0,00	0,00	-143,75
31800 Energi	73 539,05	80 000,00	91,92	6 460,95
31850 Forskringar	54 748,76	54 000,00	101,39	-748,76
31950 Avgifter, gebyr, lisensar ol	4 507,17	4 000,00	112,68	-507,17
32000 Inventar og utstyr	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
32300 Vedlikehald av bygg og anlegg	24 011,20	17 500,00	137,21	-6 511,20
32400 Serviceavtaler og reparasjonar	10 940,80	33 000,00	33,15	22 059,20
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	60 664,90	0,00	0,00	-60 664,90
34290 Meirverdiavg. utanfor mva-lov...	50 430,65	34 000,00	148,33	-16 430,65
35500 Avsetnader til bundne fond	16 259,00	3 000,00	541,97	-13 259,00
Inntekter	-178 215,65	-41 500,00	429,44	136 715,65
36301 Utleie av lokale, festeavgift	-1 095,00	-3 000,00	36,50	-1 905,00
37100 Refusjon sjukepengar	-755,00	0,00	0,00	755,00
37290 Kompenasjon moms påløpt i...	-50 430,65	-34 000,00	148,33	16 430,65
37701 Refusjon frå andre	-73 676,00	0,00	0,00	73 676,00
38600 Offer/innsamla til eiga verkse...	0,00	-1 000,00	0,00	-1 000,00
38700 Tilskot/gåver frå andre	-16 020,00	-3 000,00	534,00	13 020,00
39009 Rentelinntekter	-239,00	-500,00	47,80	-261,00
39500 Bruk av bundne fond	-36 000,00	0,00	0,00	36 000,00
04300 Gravplassar	362 927,08	347 500,00	104,44	-15 427,08
Utgifter	420 827,90	393 500,00	106,94	-27 327,90
30100 Fast løn	162 412,75	160 000,00	101,51	-2 412,75
30200 Løn til vikarar	0,00	7 000,00	0,00	7 000,00
30300 Ekstrahjelp	26 211,73	0,00	0,00	-26 211,73
30500 Anna løn og trekkpliktig godtgj...	12 127,46	1 000,00	1 212,75	-11 127,46
30903 Pensjonslinnskot - KLP	20 893,74	27 000,00	77,38	6 106,26
30905 Gruppeliv- og ulukkesforsikring	0,00	1 000,00	0,00	1 000,00
30990 Arbeidsgjeveravgift	23 494,52	22 000,00	106,79	-1 494,52
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	5 111,70	5 500,00	92,94	388,30
31209 Kjøp av graving	102 069,00	113 000,00	90,33	10 931,00
31600 Skyss- og diettgodtgjersle (op...	6 351,80	5 000,00	127,04	-1 351,80
31700 Transport, drift eigne transp.m...	11 700,19	1 500,00	780,01	-10 200,19
31705 Refusjon av utlegg (ikkje oppg...)	1 832,15	0,00	0,00	-1 832,15
31850 Forskringar	866,24	1 500,00	57,75	633,76
31950 Avgifter, gebyr, lisensar ol	8 989,00	7 000,00	128,41	-1 989,00
32200 Lelse, leasing, kjøp av maskiner	0,00	2 000,00	0,00	2 000,00
32300 Vedlikehald av bygg og anlegg	4 492,00	6 000,00	74,87	1 508,00
34290 Meirverdiavg. utanfor mva-lov...	31 275,62	31 000,00	100,89	-275,62
35910 Avskrivningar	3 000,00	3 000,00	100,00	0,00
Inntekter	-57 900,82	-46 000,00	125,87	11 900,82
36300 Utleie av lokale, festeavgift...	-16 250,00	-10 000,00	162,50	6 250,00
37290 Kompenasjon moms påløpt i...	-31 275,62	-31 000,00	100,89	275,62
37701 Refusjon frå andre	-7 375,20	-2 000,00	368,76	5 375,20
39900 Motpost avskrivningar	-3 000,00	-3 000,00	100,00	0,00
04310 Gravstell	-1 548,00	-2 000,00	77,40	-452,00
Utgifter	15 541,00	13 000,00	119,55	-2 541,00
32303 Gravstell (utgifter)	15 480,00	13 000,00	119,08	-2 480,00
35500 Avsetnader til bundne fond	61,00	0,00	0,00	-61,00
Inntekter	-17 089,00	-15 000,00	113,93	2 089,00
36201 Sal av varer og tenester, gebyr	-8 514,00	-6 000,00	141,90	2 514,00
39009 Rentelinntekter	-61,00	0,00	0,00	61,00
39500 Bruk av bundne fond	-8 514,00	-9 000,00	94,60	-486,00
04400 Anna kyrkjegle verksemd	-90,02	4 000,00	-2,25	4 090,02
Utgifter	54 841,35	59 000,00	92,95	4 158,65
31200 Anna forbruksmateriell/råvarer...	514,43	2 000,00	25,72	1 485,57
31204 Tilstelningar	12 408,55	3 000,00	413,62	-9 408,55
31303 Banktenester, gebyr	3,00	0,00	0,00	-3,00
31700 Transport, drift eigne transp.m...	628,00	0,00	0,00	-628,00
31900 Lelje av lokale og grunn	0,00	1 500,00	0,00	1 500,00
32700 Kjøp av tenester, konsulentten...	2 550,00	1 500,00	170,00	-1 050,00

34290 Melrverdlavg. utanfor mva-lov...	435,37	1 000,00	43,54	564,63
34650 Overføring av ofringar/innsaml...	38 302,00	50 000,00	76,60	11 698,00
Inntekter	-54 931,37	-55 000,00	99,88	-68,63
36100 Betaling frå deltagarar	-13 500,00	0,00	0,00	13 500,00
